



Uttaksområdet slik det er markert av oppsittarane i området.

Vert sandtaket realisert, vert det store inngrep i landskapet, noko som kan skade heile bygda. Det skriv Arvid Johannes Eide på Straume i sin merknad til sandtak-planane. Han flytta frå Haugland i 1990, men budde der då Harald Myklebust hadde sandtak og opplyser at støyen var svært sterk og langt over akseptabelt desibel-nivå.

Arbeidet i sandtaket var til seine kveldstimar og også i helgane. Men det største problemet var all sand som rant ut i elva og som førte til fiskedød, både av yngel og vaksen fisk. Den gongen var det ikke kalking. Eide trur ikkje at støyen frå det "nye" sandtaket vil liggja under akseptabelt og lovleg nivå. Arbeidstida meiner han må vera frå 7 til 20 frå måndag til fredag og ikkje laurdag og sundag.

Sjølv om det blir laga eit slamutskillersystem trur ikkje Eide det kan garanterast at finstoffet ikke kjem ut i elva med den følgje at fisken ikkje overlever. Og med tanke på alt arbeid som elveeigarlaget har lagt ned for å få det til å bli ei meget god fiskeelv, vert dei ei katastrofe for elva. Kjem det finstoff frå sandtaket, vil "jungeltelegrafan" gå langt utover Uskedalen, noe som igjen kan føre til mindre turisme, påpeikar Eide.

Han meiner det burde vore laga 2 køyrefelt frå hovudvegen hvis reguleringsplanen vart gjennomført.

Thomas Fjelland Eide, som bur på Haugland, er også svært kritisk til planen. I samband med støymålingane var det for høge verdiar og det var heller ikkje knuseverk då dei vart gjennomførte. Difor meiner han at det må gjennomførast nye målingar med knuseverk.

Når det gjeld vasking av sanda trur Fjelland Eide at det er stor fåre for at uhell kan skje og at elva kan bli øydelagt i lang tid. Han viser til at sandtaket i Etne ga stor forureining av elva og at vaskinga måtte flyttast til sjøen.

Når det gjeld transporten, peikar han på ein opplysning i konsekvensutgreiinga om at det blir 34 turar dagleg. Difor meiner han at det er villeiande å opplysa at det blir 10 til 15 bilass.

Han stiller spørsmål ved om det er forsvarleg å sleppe all tungtrafikken på vegen med den standard han har i

dag. Vegvesenet vil ikkje gjera noko med han og tiltakshavar skal ikkje laga møteplassar då han ikkje blir pålagd det ved bruk av stutte vogntog.

Fjelland Eide viser mellom anna til at det er stor aktivitet ved fotballbana på Heio. Mange sykklar dit på Døsslandsia.

Også han meiner langtidsverknadane ved øydeleggjing av naturen blir store. Det vil gjera Uskedalen mindre attraktiv både for turistar, campinggjestar og fiskarar. Det kan igjen få ringverknadar for til dømes SPAR og campingplassen.

Av Ola Matti Mathisen